

Årsmelding 2017

På første styremøtet konstituerte me styret slik:

Kontaktperson for Romarheim Indremisjon Randi Romarheim

Nestkommanderande Helge Eidsheim

Skrivar Cecilie Skår

Styremedlemmer Karl Olav Romarheim, Solveig Romarheim

Styret har hatt 7 styremøter og handsama 29 saker..

Januar er ein roleg månad på bedehuset. Me starta året med strikkekafe. Årsmøtet var 22.januar. Veka etter kom Helge Keilegavlen og hadde møte for Nordhordland Indremisjon.

I februar var strikkekafe første samling. Deretter hadde me føremiddagsmøte. ----- Henriette leia møtet. Karl Olav hadde ansvar for småmøtet. Han leia og møtet v/ Asle Hetlebakke. Terje Bjuland kom for Gideon. Det er han som no har overteke som kontaktperson for organisasjonen her i området. Britt leia møtet.

Mars starta og med strikkekafe. Kjell hadde småmøte. NMS hadde basar og fekk inn ein god sum pengar til arbeidet sitt. Øyvind Samnøy frå NLM var her ei helg frå fredag til Søndag.Også Israelsmisjonen v/ Ingunn Skurtveit var her.Då var det Solveig som leia møtet. Siste møtet i Mars var v/ Eva Bognøy. Ho er ein av dei frivillige i NHI, Det var kjekt å bli kjend med henne. Karoline leia møtet.

April fekk me besøk av Espen Bø på søndagssamlinga. Cecilie leia. Veka etter kom Leif Nesheim, då tok Randi seg av møtet. Me hadde og strikkekafe. Den årlege dugnaden var i april dette året sidan Malene hadde konfirmasjonen sin på bedehuset siste søndag i april. Britt hadde ansvar for småmøtet.

I mai var det føremiddagsmøte, strikkekafe og småmøte.

Juni starta med Pinsestemne. Reidun Skurtveit frå NHI og ---skutlaberg frå NLM var talarar dette året. Torill Skare og Bjørg Stormark song på føremiddagsmøte, Karl O leia. Hatikva song på ettermiddagsmøte. Randi leia.Cecilie hadde barneopplegget på skulen. Nils G m fl kokte. 2.dag leia Britt.

Me hadde og strikkekafe og sommaravslutning. Turen gjekk til Kvernsteinsparken i Hyllestad. Der fekk me omvisning og fekk prøva oss på

gamle teknikkar. Me grilla i årestova og hadde ei kjekk stund der. På heimvegen var me innom Løland bedehus i Lavikdalen der Karoline hadde søndagsskuleteksten for oss., det var fint oppmøte, og mange tykte det hadde vore ein kjekk og interessant tur.

Denne våren vart tilbygget ferdig. Det var ei glede å kunna ta det i bruk.

Hausten starta med Samlingsfest der me markerte at tilbygget var ferdig. Gunnvor Fyllingsnes hadde andakt, .Malene song. .Me hadde fått istand eit stort kakebord, og alle kunne gle seg over god mat og at tilbygget endeleg var ferdig.

Asle Hetlebakke frå NHI var først ute av organisasjonane denne hausten. Deretter kom Herdis Heimdal frå Muslimmisjonen. Ho fortalde om arbeidet deira i Senegal. Ho hadde to møte. Det siste var i september. Me hadde og strikkekafe, småmøte og raspeballkafe den månaden. Denne hausten er raspeballkafeen komen med i programmet, då er det enklare for folk å følgja med.

I oktober skulle Sven Arne og Arild Hetlebakke ha møte. Arild var sjuk, så Sven Arne kom åleine. Cecilie Leia møtet. Det neste på programmet var strikkekafe. Deretter hadde Erik Furnes frå IMF hade møtehelg hos oss. Karl Olav leia fredag, då hadde me to bibeltimar med kvelds mellom timane. Lørdag leia Henriette og søndag Britt /Nils. Denne månaden var det og raspeballkafe. Øyvind Samnøy var sett opp i slutten av månaden. Dei møta gjekk ut då han var blitt sjuk.

November starta med strikkekafe. Deretter fekk me besøk av Frekhaug Musikklag. Det var ein kjekk kveld. Mykje god song og musikk. Nils Arne Lavik hadde andakt. Helge leia møtet. Me hadde søndagssamling, elfrid Gaulen var forhindra frå å koma. Odd Sverre Hove kom istaden. Britt leia møtet. Jonn Hardang frå P7 hadde to bibeltimar med kveldsmat mellom. Halldis leia møtet.

Desember starta med førjulsfest. Mange var samla til pinnekjøtt og kakebord. Programmet av den enkle sorten, med god tid til å prata. Christian skoge skulle ha møte, men var sjuk, så Karen Sofie kom istaden. Solveig leia møtet. Det var fint frammøte til Adventsamlinga. Grauten smaka godt. Karoline hadde søndagsskuletekst, og etterpå var det juleverkstad. Siste samlinga før jul hadde Sigrid og Cecilie. Dei hadde føremiddagsmøte. Det var kjekt å høyra dei. Me er takksame for at nokre av ungdommane våre

er gått inn i misjonen si teneste. Me ber om velsigning over dei og arbeidet dei står i.

Juletefest var det i år og. Impulsen hadde laga til eit fint program. Cecilie hadde andakt, søndagsskulen viste juleevangeliet og ungdommane hadde leikar og sketsjar. Høgdepunktet er når dei stiller opp med lys og syng Her under korset.